

# Kvinnherad idrettsråd

Organisasjonsledd i  
NORGES  
IDRETTSFORBUND

## Referat frå årsmøtet 2016 i Kvinnherad idrettsråd

Rådhuset i Rosendal 24.05.2016 kl. 18 .00-20.00

Til stades: Jostein Hatteberg (RTL), Agnar Utvær Melkersen (valkomiteen og Trio), Anna Prestnes (styret og KHK), Gunnar Våge (styret og RTL), Anbjørn Høivik (styret og UIL), Linda Øen (Kvinnherad kommune), Anne-Kristine Aas (Hordaland idrettskrets) og Terje Valen (Hordaland idrettskrets).

### 1. Godkjenning av frammette representantar

Dei tre styremedlemene og dei to representantane frå medlemslaget vart godkjende som deltagarar med stemmerett.

### 2. Godkjenning av innkallinga, saklista og møtereiglane

Dette vart samrøystes godkjend.

### 3. Val av dirigent, referent, og to representantar til å skrive under protokollen

Gunnar Våge vart vald til dirigent, Anbjørn Høivik til referent og Jostein Hatteberg og Linda Øen til å skrive under protokollen. Alle samrøystes.

### 4. Årsmelding for 2015

Anbjørn Høivik gjekk gjennom styret si årsmelding. Det vart presisert at også bedriftsidrettslaget i Kvinnherad er medlemer i idrettsrådet, noko som ikkje gjekk fram av årsmeldinga. Med denne kommentaren vart årsmeldinga samrøystes godkjend.

### 5. Rekneskap for 2015

Gunnar Våge la fram revidert rekneskap for 2015. Det vart samrøystes godkjend.

### 6. Arbeidsprogram for 2016 – 2018

Anbjørn Høivik la fram styret sitt framlegg til arbeidsprogram. Det vart samrøystes vedteke.

### 7. Forslag og saker:

#### a. Lov for Kvinnherad idrettsråd

Anbjørn Høivik orienterte om styret sitt arbeid med å etablere lover for idrettsrådet.

Årsmøtet gjorde samrøystes vedtak:

*Lovnorm for idrettsråd vedteken av Idrettsstyret 22. oktober 2015 vert gjort gjeldande for Kvinnherad idrettsråd. Styret skal i tillegg til leiar og nestleiar ha 5 styremedlemar og 2 varamedlemar.*

#### b. Skala for årsmøterepresentasjon

Årsmøtet gjorde samrøystes vedtak:

*Kvar medlemslag kan stille med inntil fem representantar på årsmøtet til Kvinnherad idrettsråd etter denne skalaen:*

*0-250 medl. : 2 repr.*

*250-500 medl. : 3 repr.*

*500-750 medl. : 4 repr.*

*750- medl.: 5 repr.*

*Bedriftsidrettslaga: 4 repr. til saman*

*Medlemstal frå sist tilgjengelege idrettsregistrering vert lagt til grunn.*

c. **Kontingentsats for 2017**

Årsmøtet gjorde samrådstes vedtak:

*Medlemskontingent for 2017 skal følge denne skalaen:*

*0-250 medi. : 500,-*

*250-500 medi. : 750,-*

*500-750 medi. : 1000,-*

*750- medi.: 1250,-*

d. **Idrettsstipend for Kvinnherad**

Årsmøtet gjorde samrådstes vedtak:

*Styret får fullmakt til etablere idrettsstipend for Kvinnherad i tråd med forslaget til statuttar slik dei ligg føre. Stipenda skal administrerast i samarbeid med andre aktørar, og styret får fullmakt til å gjere mindre endringar i statuttane om det er naudsynt med tilpassingar.*

e. **Kriterium for fordeling av lokale aktivitetsmidlar**

Årsmøtet gjorde samrådstes vedtak:

*Alle idrettslag med barne- og/eller ungdomsaktivitetar får eit grunnbeløp på kr. 1.000,-.*

*Alle idrettslag med ein namngitt ressurskontakt m/vara får eit grunnbeløp etter følgjande skala:*

*0-250 medi. : 2.500,-*

*250-500 medi. : 5.000,-*

*500-750 medi. : 10.000,-*

*750- medi.: 15.000,-*

*Kr. 50.000,- skal delast ut til barne- og ungdomstiltak gjennom breiddestipendet.*

*Dei resterande midlane vert fordelt med vekttal 2 for ungdom (13-19 år) og vekttal 1 for barn (6-12 år).*

*Grunnlag for utrekninga er aktivitetstal frå idrettsregistreringa slik dei ligg føre i KlubbAdmin.*

*Retningslinene frå KUD og NIF vert lagt til grunn.*

*Ressurskontakt:*

*Dette er ein person som skal vere idrettslaget sin kontaktperson og koordinator for barn og ungdom med lita betalingsevne, med flyktningebakgrunn, minoritetsbakgrunn eller andre særskilde utfordringar. Ressurskontakten vil vere kontaktledd mellom idrettslaget og andre aktørar som arbeider med integrering og barnefattigdom. Kommunen opprettar eit felles forum for alle ressurskontaktane der dei pliktar å delta. Melding med kontaktinformasjon til ressurskontakt og vara skal sendast idrettsrådet innan 1. september for å telje med ved fordeling av LAM det aktuelle året.*

f. **Fullmakter til styret**

Årsmøtet gjorde samrådstes vedtak:

*Styret får fullmakt til å oppdatera idrettsrådet sine lovar i samsvar med framtidige endringar i lovnorma til NIF.*

*Styret får fullmakt til å oppnemna representantar til idrettskrinstinget.*

g. **Ingen saker meldt inn frå medlemene**

8. **Budsjett 2016**

Gunnar Våge presenterte styret sitt framlegg til budsjett og det vart samrådstes vedteke.

9. **Val**

Agnar Melkersen la fram valkomiteen si innstilling. Det vart ikkje føreslege andre kandidatar og alle val vart gjort ved akklamasjon.

*Leiar:* Anbjørn Høivik (UIL, attval, 1 år)

*Nestleiar:* Steinar Bjørkelund (Strand-Ulv, ikkje på val, 1 år)

*Styremedlemar:*

Gunnar Våge (RTL, attval, 2 år)

Anna Prestnes (KHK, attval, 2 år)

Tronn Urdshals (Kvinnherad badmintonklubb, ny, 1 år, erstattar Henriette Seim i perioden)

Christin Sund (Trio, ny, 2 år)

Bjarte Solheim (Trio, ikkje på val)

Inga Aarseth (BIL Harding, oppnemnt BIL-repr.)

*Varamedlemar:*

Gro Rusten Saghaug (Ternen, ny, 1 år)

Ágúst Magnússon (KHK, ny, 1 år)

Nina Klette Leganger (BIL Harding, oppnemnt BIL-repr.)

*Revisorar:*

Willy Kalsås (RTL, attval, 1 år)

Anne Grete Sundal (OIL, attval, 1 år)

Anna Prestnes la fram styret si innstilling til ny valkomite. Det vart ikkje føreslege andre kandidatar og valet vart gjort samla ved akklamasjon, men styret fekk samrøystes fullmakt til endra komitéen slik at det også kjem med ei kvinne.

*Komitéléiar:* Agnar Melkersen (Trio)

*Komitémedlemar:*

Leif Sverre Enes (RTL)


Kjartan Mehammer (HIL)

*Varamedlem:*

Dagfinn Gjerde (KHK)


Som siste post på programmet helste Terje Valen årsmøtet på vegne av Hordaland idrettskrets og Anne-Kristine Aas orienterte om idrettskretsten sine tilbod til idrettsråda i Hordaland.

Rosendal, 25.05.2015




Anbjørn Høivik  
referent

Rett protokoll vert stadfesta:



Jostein Hatteberg



Linda Øen